

Nyhetsbrev juli 2025



Norwegian
Seed Savers

Kjære plantebevararar

Det har vore eit rart og krevjande år for alle oss som dyrkar, iallefall her vest, med sommar i mai, kald vår i juni og tropesommar i juli.... Det ser ut som vi må bu oss på eit endra klima, med meir ekstremver i alle retningar. Då blir det endå viktigare at vi samlar og deler eigne frø, frå så mange stader i landet som muleg. Ved å ta vare på den genetiske variasjonen i nytteplantene våre kan vi tilpasse oss framtida.

Vi er svært takksame til alle som legg ut frø til deling i [frødelingsløysinga](#) vår. Om du syns det er utfordrande å organisere utsending gjennom denne løysinga, så kan du og sende frø til KVANN, Herandsvegen 435, 5628 Herand. Då blir dei delt ut på ulike typer samlingar og events, som frøbyttedagane i slutten av januar, hagemessa rundt påske, etc.


Medlemssystemet er i endring, og framover kan du rekne med å få faktura når det er på tide å fornye medlemskapet. Dette betyr at det blir færre epostar med påminning om å betale medlemskapet, og at vi treng tilbakemelding om de ikkje ønsker å vere medlem vidare. Det vil og bli rydda opp i gamle «sovande» brukarkontoar, så om du har ein slik må du seie til om du ikkje vil at den skal slettast.

Fagseminar om urtearven 20. og 21. august

Glad i urter? Urtelagsleiar Mari Jerstad og KVANN inviterer til to dagar med fagleg påfyll og inspirasjon på Linderud gard i Groruddalen.

På dagtid vert det fagleg innhald for alle interesserte, inkludert pedagogar, dyrkarar, etnobotanikarar, museumsformidlarar og andre innan formidling og bevaring av plantar og urtearv. På ettermiddag og kveldstid begge dagar vert det noko for heile familien. Ingen forkunnskapar er naudsynte, ta med deg barnebarn, ei eldre tante og naboar.

Aktuelle tema i løpet av seminaret er kulturarv, bevaringsarbeid, historiske hagar, nytteplanter, urteglede, planten kvann og organisasjon KVANN.



Hildur Hauksdottir skildrar Urtehagen på Domkirkeodden, Anneleen Kool frå Tøyen Botanisk Hage fortel om etnobotanikk. På programmet står også Åsmund Aasdal, som er koordinator for NordGen og Svalbard Globale frøhvelv, og Stephen Barstow i KVANN. Vi skal vere med på å anleggje ein kvannahage og ha verkstad med Rita Amundsen. I tillegg vert det musikk på kvelden og omvising i den historiske hagen på Linderud gård.

Etter skuletid er det mogleg å ta med heile familien på Linderud gård, og late ungane oppleve eventyr med plantar. Barneprogrammet er gratis, men krev påmelding. Sjå fullt program, billettprisar og påmeldingsinformasjon på nettsida.

[Urtearv fagseminar – K V A N N](#)

Urtearv i nord

I forbindelse med *Kulturverndagene* blir det flere arrangement for Urtearv i nord i 2025. I løpet av denne turneen skal Mari Marstein fra Schübelers hager i KVANN og Mari Jerstad fra Urtelauget i KVANN holde foredrag, verksted, eventyrstund og hagevandring.

Det blir:

- * 31. august kl. 18:00 – 20:00: Foredrag på Melbu Hovedgård “Urtearv og kjærlyghet”
- * 1. september kl. 9:00 – 12:00: “En tur i lokale smaker” på Melbu Hovedgård
- * 1. september kl. 17:00 – 19:00: “Utveksling og urteeddik”, flerkulturell urteverksted på Melbu Hovedgård
- * 3. september: «Urtearv og historiske hager», hagesamling i Balsfjord prestegård på Tennes.

Les mer om hvert arrangement på kvann.no eller på hjemmesiden til *Kulturverndagene*.
Velkommen!

[Kulturverndagene - Kulturvernforbundet](#)

Samling på Fosen i september

19.-21. september ønsker vi velkomen til den årlege haustsamlinga for KVANN-medlemmer. Dette er staden å vere om du er aktiv med i Schübelers hager, laug eller styre, eller kunne tenke deg å vere det. Det blir fagleg påfyll, diskusjonar om kva slags aktivitet vi skal ha framover, og triveleg selskap.

Vi skal vere på Stadsbygd prestegård, og der er det sengeplassar i delte rom. Det er viktig for styret at alle skal kunne ta del i KVANN, så dei som har behov for det får dekt reise og/eller overnatting.

Påmeldingsskjema: <https://forms.cloud.microsoft/Pages/ResponsePage.aspx?id=9jf5niQ7jkiwyaaGLNdQ2YMbs7amZPFOqgzCTcHVRPxEUOTZQVVFBM0kwREtDNIE4Wky5VUNVRihESy4u>

Prosjekt: Produksjon av landsorter og norske tradisjonssorter: Oversikt, trusler og veien videre for bevaring gjennom bruk

Prosjektet, med støtte fra Landbruksdirektoratet og koordinert av NIBIO, skal etablere en nasjonal oversikt over landsorter og tradisjonelle sorter av korn, frukt og grønnsaker som allerede er i produksjon. Det skal også utføres en undersøkelse om hvilke trusler og muligheter det er for bevaring ved bruk av et utvalg av disse sortene. Et sentralt mål er å drøfte begrepet "bevaringsdyrking" med tilknyttede aktører og utarbeide anbefalinger for videre arbeid mot implementering av bevaringsdyrking i Norge. Prosjektet skal utføres i samarbeid mellom NIBIO, Norsk genressursbank, NordGen og KVANN som assosiert partner, samt Judit Fehér, biolog og planteforedler, som vil utføre hoveddelen av arbeidet. Prosjektperioden er juli 2025 – desember 2026.

Vi søker produsenter av landsorter av grønnsaker som kan dele sine erfaringer og innsikter, og som ønsker å bidra til datainnsamlingen i prosjektet. Hvis du er interessert, vennligst fyll ut [denne svært korte undersøkelsen](#).

Living Lab and Research Infrastructure network: KVANN Living Lab er tatt opp som fullverdig nettverksmedlem i det europeiske nettverket for agroøkologiske levende laboratorier og forskningsinfrastrukturer

Vi har gleden av å kunngjøre at KVANN Living Lab er blitt akseptert som Full Network Member i European Network of Agroecology Living Labs and Research Infrastructures (<https://www.agroecologypartnership.eu/networkofllsandris>). Nettverkets mål er å koble sammen deltakende, stedsbaserte innovasjoner for å styrke kunnskapsdeling og støtte samskaping av agroøkologiske løsninger på tvers av nivåer og skalaer i Europa.

Medlemskapet gir flere fordeler for oss i KVANN:

- Tilknytning til ulike aktører i landbruks- og matsystemet – fra lokale til internasjonale nivå – gjennom nettverkets medlemsorganisasjoner.
- Mulighet til å bygge relasjoner og samarbeide med andre organisasjoner og bevegelser i Europa som har lignende mål og profil, for å utveksle ressurser og styrke fellesskapet.
- Økt samarbeid potensial for å utvikle internasjonale og transnasjonale forskningsprosjekter innen agroøkologi og Living Labs/Research Infrastructures (LL/RIs).
- Deltakelse i ulike samskappingsprosesser, der vi kan utforske og utvikle nye agroøkologiske praksiser, metoder og tilnærminger som bidrar til overgangen til mer bærekraftige matsystemer.
- Innflytelse på retning og resultater i nettverket, noe som gir mulighet til å påvirke diskurs og forskning innen EUs landbrukspolitikk mot en sterkere vekt på agroøkologi.
- Økt synlighet internasjonalt – både for KVANN Living Lab og for våre prosjekter og samarbeidspartnere.

Vi ser frem til å ta del i dette viktige arbeidet og bidra til utviklingen av et mer agroøkologisk Europa.

Frøpakker med KVANN-logo

Frøsamlesesongen er i full gang, og no er det høve til å kjøpe frøpakker med KVANN-logo i nettbutikken vår. [Frøposer – K V A N N](#)

Har du lyst til å lære noko nytt?

KVANN ber om innspel til kva de ønsker dykk av foredrag og kurs framover, og kven som kan stille som lokal arrangør:

<https://forms.cloud.microsoft/Pages/ResponsePage.aspx?id=9jf5niQ7jkiwyaaGLNdQ2YMbs7amZPFOggzCTcHVRPxUMkxEN0dMRTdSQzFVMk0zNU1ZVVVIR0VFUS4u>

Tid for å sende og så kvannfrø

Ei påminning til dei som er med i kvannprosjektet; hugs å samle kvannfrø og sende dei til hovudkontoret (KVANN, Herandsvegen 435, 5628 Herand). Merk konvolutten med namn på linja.

Nye som ønsker å vere med på prosjektet kan sende epost til post@kvann.no og skrive KVANNPROSJEKT i emnefeltet. I mailen må de skrive namn, adresse, kor stor plass de har å dyrke kvann på, og om det er anna kvann i nabolaget. De kan gjerne gjere det sjølv om de allereie har meldt interesse, for å vere sikker på at de ikkje vert gløymd. Kvannfrøa skal såast så ferske som mogleg, dvs helst no.

Høyring av såvareforskrift

Mattilsynet har sendt ut høyringsforslag til endringar i forskrift om såvarer: [Endringer i forskrift om såvarer](#), med høyringsfrist 16. august.

Det er denne forskrifta som gjer at det er lovleg å dele frø, og som avgjer kor lett det er å produsere og importere frø her i landet. Om nokon har innspel, kan de sende dei til international@kvann.no slik at plantefagleg utval kan ta omsyn til

Schübelers hager blømar vidare

Utrettelige Kjell Hødnebo og Mari Marstein reiser rundt til hager i hele landet denne sommeren, og du kan følge dem på Facebook: «Schübelers hager – et nettverk for historiske hager». Det er en fryd å både lese og se bildene, som her fra Østre Toten (Hoff) prestegård:

«Her alt som det skal være: Her bor presteparet Eystein Elde og Cristina Grevbo. Bygningene er fredet og restaurert og hagen istandsatt etter antikvariske prinsipper. Allstad, tidligere Opplysningsvesenets fond, eier fortsatt anlegget og bruker gartner i hagen, der begge prestene er svært aktive.

Hagen har barokk-preg med en sentral linje fra hagededgangen og rette grusbaner på tvers. Men også den engelske romantiske hagestilen med staselige trær med andre uterom er synlig. Flere trelysthus og romantiske hagetunneler. Dette er en av de flotteste prakthager vi har i nettverket og Norge! I tillegg til nyttevekster, stauder og roser finner en her to av Norges største asketrær.

Fantastisk beliggenhet med utsyn over hele distriktet. Både hus og hage er vel dokumentert i praktboka av Olaf Nøkleby: Prestegarden på Toten fra middelalderen til vår tid. Steinkjelleren er fra middelalderen. Gratulerer Allstad og Elde/Grevbo.»



Med dette ynskjer vi alle ein fortsatt god sommar.